# Meland kommune

Byggmester Nils J Solend AS
Stølen 12
5911 ALVERSUND

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Larissa Dahl | 20.09.2019 |
| Vår: 19/138 - 19/19717 | larissa.dahl@meland.kommune.no | |

## Godkjenning - Løyve til flytting av naust - gbnr 26/82 Sundet

**Administrativt vedtak. Saknr: 215/2019**

| | |
|---|---|
| **Tiltakshavar:** | Litlebergen Båtforening |
| **Ansvarleg søkjar:** | Byggmester Nils J Solend AS |
| **Søknadstype:** | Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3. |

### Tiltak

Saka gjeld søknad om flytting av naust med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 76 m² på gbnr 26/82 på Sundet. Naustet skal flyttast nord-vest på tomten.

Saka omfattar søknad om dispensasjon som vart handsama i UDU møte av 26.03.19 i sak 26/2019.

Det vert elles vist til søknad motteken 23.08.19 og supplert 09.09.19.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var ikkje komplett då han var motteken. Trong for tilleggsdokumentasjon vart meldt til ansvarleg søkjar ved brev av 03.09.19. Dokumentasjon vart motteken ved brev frå ansvarleg søkjar 09.09.19. Sakshandsamingsfristen er forlenga med den tida det har teke å supplere søknaden.

### Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for Litlebergen, planid: 125620060004 er definert som naustområde, areal i sjø for småbåthamn. Tiltaket er i strid med byggjegrense på land og mot sjø. Storleik på naustet er 76 $m^2$ og er i strid med planføresegnar som tilseier bruksareal på maks. 40 $m^2$.

### Dispensasjon

Tiltaket kravde dispensasjon frå reguleringsplan for Litlebergen, planid: 125620060004, for å flytte eksisterande naust på gbnr. 26/82, Litlebergen, som vist under. Dispensasjonssøknaden omfattar følgjande tilhøve:

- Arealet i sjø er regulert til småbåthamn.
- Byggegrense på land og mot sjø.

· Storleik på naustet har bruksareal (BRA) på over 40 m2.

Det er søkt dispensasjon og dispensasjonen vart gitt i UDU møte av 26.03.19 i sak 26/2019.

**Nabovarsel**
Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.
Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

**Plassering**
Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 04.01.19, motteke her 21.01.19.
På situasjonsplanen er minsteavstand til nabogrense med gbnr 26/64 vist til å vere 0,7 meter. Eigar av gnr. 26/64 har signert samtykke på slik plassering av tiltaket den 26.01.19.

**Tilkomst, avkøyrsle og parkering**
Eigedomen er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg i samsvar med pbl. § 27-4.
Parkeringsplass for naustet er ikkje vist på situasjonsplanen, men den skal lagast i tilknyting til skøyte ved frådeling av naustetomten.

**Avfallsplan**
Tiltaket har ikkje krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

**VURDERING**
**Tiltaksklasse**
Kommunen legg søkjar si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

**Vurdering etter naturmangfaldslova**
Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

**VEDTAK:**
*«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3 vert det gjeve løyve til tiltak i eitt-trinn for flytting av naust på gbnr 26/82 på følgjande vilkår:*

1. *Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 04.01.19 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.*
2. *Vilkår i dispensasjon skal stettast.*
3. *Parkeringsplass for naust skal etablerast av Litlebergen Båtforening ved frådeling av naustetomt.*
4. *Ferdigattest/mellombels bruksløyve må utstedast før tiltaket kan takast i bruk.»*
5.

******

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen

er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 19/138**

**Ansvar**
Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

**Bortfall av løyve**
Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

**Avfall**
Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

**Mellombels bruksløyve/Ferdigattest**
Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Med helsing

| | |
|---|---|
| Marianne Aadland Sandvik | Larissa Dahl |
| Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg | Konsulent |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Kart, foto
E-postmelding - Søknad om tillatelse til tiltak og gjennomføringsplan

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Litlebergen Båtforening | Postboks 96 | 5906 | FREKHAUG |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Byggmester Nils J Solend AS | Stølen 12 | 5911 | ALVERSUND |